
Vår referanse 2020/50347-5
Dato 24.09.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale til dispensasjonssøknad - riving våningshus, oppføring bustad og garasje - gnr 490 bnr 2 - Hole - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til oversendt dispensasjonssøknad med ønske om uttale frå Alver kommune, datert 27.08.2020. Frist for uttale er 24.09.2020.

Søknaden omhandlar riving av eldre våningshus på bruk som ikkje er i drift og oppføring av ny bustad og garasje.

Eigedomen ligg i uregulert område definert som LNF-føremål i kommunedelplanen for Radøy delrevisjon 2019.



Utsnitt frå fylkesatlas til venstre og frå situasjonskart til høgre.

Uttale

Tiltaket som er søkt om har avkøyrsl til Fv. 5480, som har ei fartsgrense på 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 300. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse 4, lite streng, jf. *Rammeplan for avkøyrslar (2017-2020)*.

Avkøyrslen

Ved nabovarsel om dette tiltaket kommenterte Vestland fylkeskommune at avkøyrsla for denne eigedomen ikkje er i samsvar med krava som vi stiller til utforming.

Etter synfaring på staden 21.09.2020 var det tydeleg at avkøyrsla til eigedomen ikkje har vore ivaretatt eller særleg i bruk. Avkøyrsla er teikna inn i kart med ein utkøyringsplass på veg, men det er to avkøyringspunkt ut i fylkesvegen. Her er det dårleg sikt i begge retningar frå begge avkøyringspunkt. Det er og dårleg svingradius.

Avkøyrsla ligg og i ein innerkurve av fylkesvegen. På grunn av dette er det vanskeleg å sjå avkøyrsla når ein kjem køyrande på fylkesvegen, som er ein smal veg med høg fart. Dette gjer strekninga farleg med tanke på trafikktryggleik.

Utsnitt frå google street view (juni 2019) av avkøyrsla. Venstre er teke frå nord og høgre er teke frå sør.



Bilete teke 21.09.2020. Øvste er teke frå inn i avkøyrsla, og nedste er frå avkøyrsl og mot nord på fylkesvegen. Det er denne vegen som er teikna i karta.



Det kjem fram i søknad at eigedomen har vore ubudd i fleire tiår. Det er høg stigning ifrå fylkesvegen og opp mot tunet på eigedomen. Det er tydeleg at ein ikkje kan ha anleggstrafikk på denne vegen for riving og bygging på eigedomen. Ein kan stille spørsmål ved om avkøyrsla har vore i bruk for bil, og om det i heile teke er avkøyringsløyve til eigedomen.

Eigar eller brukar av ein avkøyrsl har plikt til vedlikehald av avkøyrslar og å halde fri sikt, jf. Veglova § 43. Dette er ikkje blitt gjort i høve med dagens situasjon av staden.

Sluttord

Det må søkast til Vestland fylkeskommune om nytt løyve for avkøyrsl for ny bustad. Vi rår ifrå å bruke det som ligg som avkøyrsl til eigedomen i dag. Den ikkje kan godkjennast som den ligg i dag.

Søkaren bør få nokon med vegteknisk kompetanse til å teikne ny avkøyrsl etter krava i handbok N100. Og søkaren bør difor sjå på moglegheita for å kople seg på ein nærliggande avkøyrsl.

Vestland fylkeskommune, ved avdeling for Infrastruktur og veg, rår ifrå dispensasjon for riving av eldre våningshus og oppføring av ny bustad og garasje før avkøyrsl til eigedomen av avklåra og tilfredsstillande for bruk.

Vi minner om plan- og bygningslova § 19-2, 4. ledd som seier at kommunen ikkje bør gi dispensasjon når overordna mynde har uttalt seg negativ til dispensasjonssøknaden. Skulle kommunen likevel fatte vedtak om dispensasjon, minner vi om at vi skal ha vedtaket tilsendt for klagevurdering jf. § 1-9.

Vi gjer til slutt merksam på at det kan kome ei eigen uttale frå vår avdeling for Kultur idrett og inkludering i denne saka.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift